

RUSFØREBYGGANDE ARBEID VED OS GYMNAS



Hovudmålet er

- Å skape eit trygt og inkluderande miljø gjennom positive tiltak der alle elevane blir sett og tatt vare på
- Å hjelpe og støtte elevar med urovekkande rusbruk til å kome seg ut av ein vanskeleg situasjon slik at dei kan fullføre utdanninga si

INNSATSOMRÅDE:

- 1) Førebygging
- 2) Tidleg innsats
- 3) Rutinar som skal følgjast ved mistanke om og uro kring rus

Viktige ressurspersonar ved skulen:

Avdelingsleiar for elevtenester og språk/samfunnsfag og **kjentmann**: Hilde Paaske-Knauer

Rådgjever: Terje Bøthun

Helsesjukepleiar (helsesøster): Annika Andersland

Litt om kjentmannsordninga:

Kjentmann skal vere den elevane kan kome til på skulen ved uro rundt eigen eller andre sin rusbruk.

Målet for kjentmannsordninga er å løyse problem på eit lokalt nivå med minst mogleg støy, i tillegg til å gje eit lågterskeltilbod til elevane, inkludere og støtte, og vere ei tydeleg adresse. Alle skular skal ha ein kjentmann som kan samle og auke kompetansen innanfor rusførebygging og tidleg intervensjon

1.Førebyggande arbeid

Førebygging og elevmedverknad

Skuleleiinga har ansvar for:

- å informere elevane om rettleiaren ved skulestart
- å presentere skulen sin kjentmann for elevane og gjere ordninga godt kjend
- å samarbeide med elevrådet om haldningsskapande og rusfrie tiltak
- å legge til rette for samarbeid mellom skule og russ – etter føringar frå opplæringsavdelinga
- at rus som fagleg tema vert knytt til læreplanmål og overordna del av læreplanen
- å legge til rette for auka kunnskap og bevisstgjerings om skadeleg bruk av rusmiddel, t.d. gjennom samarbeid med Doping Norge, KoRUS Vest, SLT» («Samordne Lokale rus- og kriminalitetsforebyggende Tiltak»)

Førebygging i samarbeid med kommune og foreldre

Skuleleiinga har ansvar for:

- å informere om skulen sin rusplan på skulen si heimeside og på foreldremøte
- å utvikle samarbeid mellom skule, skulemiljøutval og foreldre når det gjeld rusarbeid
- å styrke kjentmann sitt samarbeid med skulehelsetenesta
- gjennomføring av UNGDATA, som kartlegging og som kjelde til særskilte satsingsområde
- å samarbeide med ungdomsskular gjennom SLT-nettverk

2. Tidleg innsats

Skulen skal aktivt drive eit kontinuerleg og systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i dette kapittelet blir oppfylte. Skuleleiinga har ansvaret for den daglege gjennomføringa av dette. Arbeidet skal gjelde det fysiske så vel som det psykososiale miljøet. (Opplæringslova §9 A-4)

Alle på skulen skal reagere på

- aukande fråvær
- klart fallande faglege prestasjonar
- åtferd som kan knytast til rus
- endra åtferdsmønster
- endra allmenntilstand og sjå dette i samanheng med mogleg rusbruk hos eleven eller i eleven sine nære relasjonar.

Når eleven er bekymra:

Dersom du er bekymra for deg sjølv eller medelevar, bør du seie frå til ein vaksen på skulen, t.d. kjentmann eller kontaktlærer. Skulen skal legge til rette for at det er enkelt for elevar å melde frå når dei er bekymra.

Når foreldre/føresette er bekymra:

Foreldre/føresette bør ta kontakt med skulen om dei er bekymra for ungdommen sin via kontaktinformasjon på skulen si heimeside, t.d. kjentmann Hilde Paaske-Knauer (Tlf: 56565757)

3. Rutinar som skal følgjast ved mistanke om urovekkande rusbruk hos elevar

Målet er å hjelpe og støtte elevane til å kome seg ut av ein vanskeleg situasjon og bidra til at elevane lettare kan gjennomføre utdanninga si.

A. Ved mistanke om bekymringsfull rusbruk hos ein elev:

- Den som har ei uro eller ein mistanke, tek snarast kontakt med rektor eller annan ressursperson, til dømes kjentmann, og avklarar vidare oppfølging

B. Når ein elev er synleg rusa:

- Eleven blir tatt ut av skuletimen og skjerma frå dei andre elevane
- Bekymringsamtale/informasjonsamtale vert gjennomført om mogleg, og gjerne med to vaksne personar til stades (t.d. kontaktlærer og ein frå leiinga)
- Om eleven er under 18 år, skal, som hovudregel, foreldre eller annan omsorgsperson kontaktast og informerast om skulen sine rutinar og konsekvensar, jf. forskrift for orden og åtferd
- Det blir avtalt oppfølgingsamtalar/-plan med elev og føresette

C. Avdekking av sal av rusmiddel på skulen

- Informasjon til eleven om konsekvensar (politisk)
- Politiet blir kontakta
- Avtale oppfølgingsplan/-amtalar

I alle desse situasjonane vurderer skulen om andre instansar som ressursteam, barnevernet, NAV, PPT, BUP, rusteam, spesialhelseteneste skal koplast inn.

Andre tenester som kan hjelpe ungdommen:

Helsestasjon for ungdom i Os:

Helsestasjon for ungdom er eit tilbod til deg mellom 13 og 20 år. Her kan du snakke med helsesjukepleiar og lege

- Stad: 2. etasje i Rådhuset, inngang B
- Opningstid: Tysdagar kl. 14.30 - 16.30. Helsestasjon for ungdom er stengd i skuleferiar.
- Du treng ikkje timebestilling, og tilbodet er gratis

Ruskonsulenten i Os kommune er eit tilbod til deg som har, eller kjenner nokon som har, eit problem med rus eller anna avhengigheit. Tilbodet er gratis, og du treng ikkje tilvising.

Ruskonsulenten tilbyr:

- Støttesamtale med klientar og/eller pårørande
- Råd og rettleiing
- Kartlegging
- Tilvising til behandling
- Fagleg rettleiing

Dersom du har, eller er i ferd med å få eit problematisk forhold til rus, speling eller anna, kan du ta kontakt. Du er òg hjarteleg velkomen til å ta kontakt dersom du er bekymra for at ein annan person kan vere avhengig.

Ta kontakt på telefon eller e-post. Du treng ikkje avtale tid eller planlegge kva du skal seie. Ruskonsulenten er her for å hjelpe deg.

Per Gunnar Lunde Oseng

Ruskonsulent

Telefon: 94 84 20 68

[Send e-post](#)

Team i Os kommune: Tidleg innsats - hjelp og råd til unge som har problem med rus, speling og/eller dårleg psykisk helse

Er du uroa over at ein ungdom du kjenner har problem med rus, speling og/eller dårleg psykisk helse? Di handling kan endra retninga i eit ungt liv.

Jo tidlegare du får hjelp til å takle vanskane, jo større er sjansen for at du kjem deg ut av den negative spiralen. Utan hjelp kan avhengigheit utvikle seg raskt, og øydeleggje for både notid og framtid.

Kva kan vi tilby?

- Hjelp til å førebyggje avhengigheit av rus eller speling hos unge mellom 14 og 25 år
- Råd og rettleiing, støttesamtalar og oppfølging
- Ev. vidare tilvising til spesialisthelsetenesta
- Koordinering av hjelpetilbod
- Kort ventetid

Kven kan ta kontakt?

Den som er på veg inn i avhengigheit, ser det ofte ikkje sjølv. Difor er det ekstra viktig at vi som er rundt, tar teikna på alvor.

Svært ofte er rusproblemet eit symptom på andre, bakanforliggande ting som den unge treng hjelp for å løyse.

Er du mor eller far, tante eller onkel, syster eller bror, lærar, helsepersonell, trenar, nabo, klassekamerat eller ven av ein ungdom som slit? Eller kjenner du sjølv at du har problem?

Ring oss på telefon 948 42 068 i vanleg arbeidstid eller send e-post til tidleginnsats@os-ho.kommune.no

Handlingsplan for det rusforebyggende arbeidet ved Os gymnas

Mål	Konkret tiltak	Ansvar	Når
Skulen skal ha best mogleg oversikt over rusvanar blant ungdommen på skulen	<p>Gjennomføre UNGDATA</p> <p>Kontaktlærarar og faglærarar følgjer med i sine klassar.</p> <p>Ta opp rusvanar som tema på elevrådsmøte.</p> <p>Elevane blir oppfordra til å kontakte kjentmann ved bekymring for eigen eller andres rusbruk.</p>	<p>Rune Rosland</p> <p>Kontaktlærarar og faglærarar</p> <p>Hilde Paaske-Knauer</p>	<p>Våren</p> <p>Heile skuleåret</p> <p>Vinter</p> <p>Ved skulestart</p>
Skulen skal ha god oversikt over tilbod som finst i Os kommune og ha eit tett samarbeid med desse.	<p>SLT-møter på koordinerande og utøvande nivå.</p> <p>Eigne møte med Os vgs og ruskonsulent ved Os kommune.</p>	<p>Kjersti Daland, Hilde Paaske-Knauer</p>	<p>Heile skuleåret</p> <p>To gongar i året</p>
Trygg russetid	<p>Delta i trafikksikringsarrangement i Grieghallen og på lokalt plan.</p> <p>Følgje opplæringsavdelinga sine føringar for organisering av russefeiring. Informasjon til alle tilsette ved skulen om dette.</p> <p>Samarbeide med russen og skrive avtale om russereglement.</p>	<p>Hilde Paaske-Knauer</p> <p>Kjersti Daland, Hilde Paaske-Knauer, Rune Rosland</p> <p>Kjersti Daland</p>	<p>April</p> <p>Heile skuleåret</p>

	<p>Samarbeide med kontaktlærarane i VG3.</p> <p>Samarbeide med politiet, undervisning for russen.</p> <p>Samarbeide med helsesjukepleiar.</p>	<p>Kjersti daland, Hilde Paaske-Knauer</p> <p>Hilde Paaske-Knauer</p>	
<p>Skulen skal sørge for at tilsette, elevar og føresette veit korleis vi går fram når vi er bekymra for rusbruk.</p>	<p>Informasjon til tilsette på planleggingsdag eller personalmøte. Denne vert òg lagt ut på Its learning.</p> <p>Informasjon vert gjeven til elevar og føresette på Its learning og skulen si heimeside.</p> <p>Informasjon vert òg gjeven munnleg på første foreldremøte i VG1.</p> <p>Besøke alle klassane og informere om kjentmannsordninga. Informere blant lærarane om skulens handlingsplan, og kva ein skal gjere ved mistanke om rus.</p> <p>Gjennomføre kjentmannssamtalar ved mistanke om problematisk rusbruk.</p> <p>Samarbeide med skulehelsetjenesten: helsesjukepleiar (helsesøster).</p>	<p>Hilde Paaske-Knauer</p> <p>Hilde Paaske-Knauer, Maaike van Langen</p> <p>Kjersti Daland, Hilde Paaske-Knauer, Rune Rosland</p> <p>Hilde Paaske-Knauer</p> <p>Hilde Paaske-Knauer</p> <p>Hilde Paaske-Knauer, alle tilsette</p>	

Skulen skal ha god oversikt over korleis vi kan gå fram vidare i vanskelege saker	Ha kontaktperson inn mot politiet, KORUS, ruskonsulent, tidleg innsats-team og SLT-koordinator i Os kommune.	Hilde Paaske-Knauer	
Ha eit godt samarbeid med elevrådet om haldningsskapande og rusfrie tiltak	Samarbeide med elevrådet i forkant av juleballet. Invitere SLT-koordinator til elevrådsmøte. Invitere elevane til å komme med innspel om tiltak som kan skape gode haldningar.	Kjersti daland, Hilde Paaske-Knauer, elevrådet Hilde Paaske-Knauer Hilde Paaske-Knauer, kontaktlærarar	Heile skuleåret
Informere om rusførebyggnde arbeid og samarbeid med elever i Skulemiljøutvalget	Ta opp rus og førebyggande arbeid som tema på møte i skulemiljøutvalet.	Kjersti Daland, Hilde Paaske-Knauer	Vår
Sørge for at rus som fagleg tema blir knytt opp mot læreplanmål og den overordna delen av læreplanen	Trekke inn det førebyggande rugarbeidet ved skulen som ein del av arbeidet med den nye overordna læreplanen, og i faga med det tverrfaglege temaet <i>folkehelse og livsmeistring</i>	Hilde Paaske-Knauer, Kjersti Daland, Rune Rosland	Oppstart skuleåret 20-21